
Fiskereglar Etneelva 2021

1. Fiske etter laks er frå: 15. Juni (00:01) til 15. August (24:00).
Fiskedøgnet startar kl. 18.00 og varer til neste dag kl. 17.00.

Sjøauren er freda.

2. Fiskeutstyr brukt i andre vassdrag skal desinfiserast før fisket startar.
Etne Camping har utstyr til dette, ta vare på kvitteringa som dokumentasjon.

På grunn av smittefare, er det ikkje lov å bruka slangesøkke eller flytedobbe fylt med vatn.

3. Det er berre tillate med stongfiske, stanga skal ikkje forlatast som "Sjølvfiskande".

I begge elvene er det lov å fiska med floge, spinner, sluk og mark, men fiskerettshavar på dei enkelte sonane kan forby markfiske.

Avstanden mellom krokstamma og krokspissen skal ikkje vera større enn 15 mm for enkeltkrok eller 13 mm for dobbel- eller trippelkrok. Ved bruk av mark skal krokstorleiken være minst 3/0.

4. Fiskaren skal bruka tang til krok og skjelprøvar, og det skal nyttast fangstnett/håv utan knutar. Bruk av klepp er ikkje tillate.

5. Laks under 40 cm og vinterstøingar skal straks setjast ut att i elva.

I heile fiskesesongen skal all villaks over 90 cm setjast ut att i elva.

«Fang og slepp»-kvoten er lik fangstkvoten per sone. Når fangstkvoten for sona er landa, skal alt fiske opphøyra for inneverande døgn, også «fang og slepp».

Fisk som etter reglane skal setjast ut att, men som er så skada at den må avlivast, tilfelle fiskerettshavar. Slik fisk reknast som ein del av kvota.

6. Fiskarane pliktar å respektera gjeldande fiskesonar, og det er forbode å fiska nedover og oppover i neste sone.
Døgn/sonekvoten kan berre nyttast på den sona der fiskekortet gjeld.

7. Fiskaren og dei han har med seg, skal utvisa sunn fornuft og respektera næring og brukarinteresser angående ferdsle på eigedom til og frå fiskeplassane, ikkje køyra eller gå gjennom grasbøar. Ein skal nytta tilvist parkeringsplass, rydda etter seg og forlata elva slik ein helst vil finna den.

8. Det er ikkje lov å setja opp telt utan løyve frå grunneigar.

Fiskereglar Etneelva 2021

9. Fiskekortet lyder på namn og kan ikkje overdragast til andre utan samtykke frå kortseljjar. Kvittering for fiskekort og fiskeavgift til staten skal visast på førespurnad.
10. Alle fiskarar skal før fisket startar registrera 0 fangstrapport til Elveguiden (dvs at er fisket starta utan at det er registrert fangstrapport til Elveguiden, er det brot på fiskereglane).
All fangst også fisk som vert satt ut att, skal rapporterast på Elveguiden.no innan neste dag.
Logg på via Internett på Mobil, Nettbrett og PC.
- Dersom fangstrapport ikkje vert levert innan fristen, kan fiskaren bli utestengd.
- Oppdrettslaks, regnbogeaure og pukkellaks vert ikkje rekna med i kvoten, men skal registrerast og takast skjellprøvar av som anna fangst.
- Det skal takast skjellprøvar av all avliva fangst, og skjellprøvekonvoluttar skal vere fullstendig utfylt. Skjellprøvekonvoluttar er å få på Etne Camping, og dei skal leverast til kortseljjar eller Etne camping.
11. Ved kjøp av fiskekort i Etne elva og Sørrelva, samtykkjer fiskaren i gjeldande fiskereglar og plikt å retta seg etter desse. Ved brot på reglane kan fiskaren, med følge, visast bort utan rett til å få tilbakebetalt for fiskekort.
12. Etter midtsesongevalueringa, kan styret i Etne Elveigarlag, i samråd med Statsforvaltaren i Vestland, gjennomføra førehandsavtalte tiltak.
- Til dømes endring av størrelse på fisken som skal setjast ut att, endring av fangstkvorar, eller stoppa fisket.
13. Fangstbegrensning er;
For Etneelva :
2 laks pr. sone pr. døgn.
Sonar med motfiske deler denne.
Sone 1a har 3 laks pr. døgn
- For Sørrelva:
For Sørrelva gjeld det ein totalkvote på 5 fisk per fiskar i løpet av sesongen. På Haugesund og Omegn JFF og Vindafjord JFL sine vald kan ein fiska ein – 1 – fisk per fiskedøgn, men ikkje meir enn 5 totalt.